# HS Bygg

## Innrapportering for 2022

### Virksomheten sertifiseres etter følgende kriterier:

*Byggearbeid og teknisk installasjon, Felleskriterier, privat og statlig*

### Sertifikat

**Type:** 3-årig
**Utstedt:** 05 des., 2022
**Utløper:** 05 des., 2025

# Omsetning og årsverk

## Årlig omsetning

-11% fra 2021



# Antall årsverk for rapporteringsåret

## ↑ 1% fra 2021




### Kommentarer

HS hadde om lag 43stk tilsette i snitt 2022. Av desse var 12 administrativt tilsette som hadde tilhold på Heradsheim. I delar av året har nokre av sistnemnde gruppering vore ute på prosjekt, gått ut pga. studier, slik at vi ender opp med ei samla årsverk på om lag 9,6 for 2022. Andre leigetakarar på huset har vore litt vekslande og ligg på eit snitt på ca 7,8 stk. Totalt 17,4 årsverk hadde derfor tilhold på Heradsheim i 2022. For å sørgje for meir korrekt statistikk under vidare utfylling av rapporten lenger ned (spesielt der årsverk inngår i reiknestykket), er det dei 16,1 årsverka som blir rapportert som gjennomsnitt her.
Omsetning er på rapporteringstidspunktet ikkje ferdig revidert, så kan kome avvik

# Innkjøp

## Antall miljømerkede produkter



# Andel av vesentlige leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem

-4% fra 2021




# Antall leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem som Miljøfyrtårn, ISO 14001, EMAS eller tilsvarende.



# Totale mengder årlig forbrukt papir




### Kommentarer

Det er angitt innkjøp frå vesentlege leverandørar (dei ca 150 største) som vi har hatt samarbeid med i løpet av 2022, og vidare oppgitt kor mykje av dette som har gått til leverandørar med eit sertifisert miljøledelsessystem.
Den siste andelen har gått litt ned ut i frå presenterte tall samanlikna med fjoråret.
Vi har likevel fleire leverandørar som vi har handla med i 2022 som har miljøledelsessystem, men av ulike årsaker så er dei ikkje blant dei 150 største. Vi har også en relativt stor omsetning mot byggfagkjeden (den 4. største blant dei 150), som igjen består av mange leverandørar som har mijøledelsessystem.

# ♻ Avfall og ombruk

## Sorteringsgrad




## Totalt avfall



# Avfallsmengder per avfallskategori



### 💬 Kommentarer

Gjelder avfall generert frå heile Heradsheim.
Alle leigetakarar på huset leverer avfall i same avfallsbehaldar. Vi har hatt 2 behaldarar til disposisjon, ein for papp/papir, og ein for restavfall. Det blir generert lite matavfall på huset, og i samråd med renovatør har dette gått i restavfallet (emballasjeplast går også i restavfallet). Fraksjonane blir sortert i huset etter kjeldesorteringsinstruks. Frå 01.01.2023 er det kome lovkrav om også å sortere ut matavfall, dette har vi forberedt for.
Vi genererer absolutt mest avfall ute i byggeprosjekta. Det er ikkje medteke i denne rapporten, fordi det ikkje er naturleg å samanlikne det med antal årsverk, eller anna informasjon som her er registrert for Heradsheim.
Det er heller ikkje slik at prosjekta alltid starter og er ferdig innad i eit kalenderår, og type/antal prosjekt varierer frå år til år. Iht. Krava i TEK 17 §9-8 Ytre miljø, logger vi avfall frå byggeplass som fraksjonar målt i kg/m2 BRA (Bruksareal). Sorteringsgrad (min 60%, endra til 70% frå 01 juli 2022, med overgangsordning til 01.juli 2023) m.m. blir rapportert inn til myndigheitene i samband med søknad om ferdigattest for det enkelte prosjekt. Dette gir oss også ein god internstatistikk på både kostnad og mengde avfall alt etter type prosjekt.

# Energi

# Energiforbruk

-4% fra 2021




# Energiforbruk pr. kvadratmeter



## 💬 Kommentarer

Bruksareal er teke ut for totalt areal på Heradsheim, sjølv om det er fleire leigetakarar her. Det elektriske forbruket gjeld dermed også for heile bygget, sjølv om det er eksterne leigetakarar. (det er ikkje eigne målarar per leigetakar).
Statistikken viser ein liten nedgang frå 2021, ca 5200 kWh

# Transport

## Drivstofforbruk, totalt




## Drivstofforbruk per mil



# Antall kjørte kilometer




# Tjenestereiser

↑ 100% fra 2021



# Kjøregodtgjørelse for tjenestereiser

-44% fra 2021




# Flyreiser



# Klimagassutslipp fra flyreiser

## 🡅 100% fra 2021




### Kommentarer

Køyrte km med firmabilar henta frå regnskapssystemet og innrapportert til ligningsmyndigheiter pr. 31.12.2022. Vi har hatt ein liten nedgang i køyrte km på firmabilar sidan 2021.

# Arbeidsmiljø

## Sykefravær i prosent




### Kommentarer

Data henta frå Lønnssystemet. Unormalt høgt sjukefråvær i 2022. Mykje koronarelatert sjukefråvær i 1.kvartal 2022 er årsak til det høge sjukefråværet i 2022.
(Sjukefråvær 2022 SSB: 6,4%)

# Klimaregnskap

## Klimagassutslipp totalt

↓ -12% fra 2021



# Gjennomførte tiltak

**Innkjøp**
Det er tatt i bruk merking og sporingssystem for verktøy og utstyr. Dette Bidrar til å holde oversikt på utstyr vi har, kor det er og evt. også registrerer tilstand (defekt, ok stand, treng reparasjon, reservedeler osv).
Det er seinhaust gjort investering i utstyr til en BIM-kiosk, for å kunne bidra til mindre papir på byggeplass (teste papirløs byggeplass)
Arbeidet med innkjøpsrettleiar og oppdaterte rutiner for innkjøp vil fortsette i 2023. Vi har fortsatt hatt for lite administrativ ressurskapasitet på denne typen oppgåver. Det er fortsatt på agendaen å sluttføre eit utkast til dette.
Vi har i 2022 (som i 2021) kartlagt materialleverandørar som er langt framme på produktdokumentasjon, og som har innebygde tenester i systema sine som gir oss adgang til å sette parameter/vilkår for materiale som bestillast til prosjekta. Dette kan være særs nyttig dersom byggeprosjekt f.eks har veldig strenge miljøkrav, som vi no har med Statsbygg på eit rehabiliteringsprosjekt.

**Avfall og ombruk**
Målsetning om mengde restavfall på Heradsheim på 700kg frå 2021 er ikkje nådd.
Vi hadde et mål om å få inn egen sortering av matavfall på slutten av året før det vart et lovpålagt krav, men mottaker har ikkje vært klar til dette. Men fra 2023 håper vi dette vil kunne redusere restavfallet vårt her.
Intern erfaringsbank for statistikk/erfaringstal på avfallshåndtering supplerast med data frå dei forskjellige byggeprosjekta våre når det skal søkast om ferdigattest.
kravet i Teknisk forskrift er frå 01.07.2022 min 70% sorteringsgrad (økning på 10 %) med overgangsordning til 01.07.2023.
HS Bygg har på haust 2022 starta på eit rehabiliteringsprosjekt for statsbygg der det er krav om 80 % kildesortering, i tillegg til at prosjektet har andre miljømessige krav og føringar, som til dømes ombrukskartlegging, levere EPD miljødeklarasjoner for en del byggmateriell, krav til bruk av resirkulert aluminium, papirløs byggeplass m.m

**Energi**
Det er litt avgrensa kva vi kan gjere energimessig på Heradsheim som leigetaker. Det er ikkje blitt gjort spesielle tiltak med det tekniske anlegget med mål om å redusert energiforbruk. Punktet står fortsatt på lista over ting som kan sjekkast ut til neste rapporteringsår.
Ingen av prosjekta våre i 2021 er varma opp/tørka ut med anna utstyr enn elektriske ovnar/luftavfuktarar. (ikkje brukt fossilt brensel)

**Transport**
Det er kjøpt 1 bruktbil av typen nyare Volkswagen Transporter diesel i 2022.
Volkswagen Amarok er avslutta leasingavtale, og omregistrert. Er ikkje i HS Bygg lenger.
Det er hausten 2022 bestilt 1 stk EL-bil, som skal leveres i 2023. VW ID Buzz Cargo.
Vi har vurdert innkjøp av piggfrie dekk til nokre bilar, men ut i frå bruken til bilane falt valget på piggdekk. 4 nye sett.
Det er ikkje etablert ladestasjon for EL-bil ved parkeringsplass Heradsheim, vi ser på løysingar til den nye EL-bilen skal komme i 2023.

**Naturmangfold og arealbruk**
HS Bygg har ikkje hatt aktiviteter som gir spesielt utslag på denne kategorien, men kan trekke fram eit tilbygg og rehabiliteringsprosjekt av eit ærverdig hotell i Møre og Romsdal med eit stort uteområde og mykje tilhøyrande beplantning.

**Arbeidsmiljø**
- Bedriftshelsetenesta har gjennomført målretta helsekontroll for 27 tilsette
- Bedriftshelsetenesta har gjennomført kartlegging av støy på prosjekt.
- Vi har hatt tilgjengeleg 2 skikort med gratis parkering som tilsette kan benytte seg av vinteren 21/22
- Sosial fellessamling med informasjon for alle tilsette på Isehaug 20.05.22
- Sommaravslutning på Hydlastova for alle tilsette med følge 01.07.22
- Det er gjennomført medarbeidarundersøking hausten 2022.
- Aktivitetstilbod for alle tilsette i gymsal på Stryn Ungdomsskule blei satt i gang igjen hausten 2022.
- Kurs for alle tilsette i varme arbeider 21.10.22
- Juleavslutning på Lysvoll for alle tilsette 17.12.22
- Det er også i 2022 investert i en del nytt elektrisk handverktøy til tilsette. Nytt verktøy er lettare, mindre og vibrerar

og støyar mindre.
- Vi har fortsatt hatt fokus på smittevern med oppdatering av reglar og råd for smittevern jamnleg. Prosjekttilpassa rutiner for smittevernshåndtering.